

Norsk gjestehus i Herzliya, Israel



Velkommen til vårt ferieparadis

**Valgfritt hebraiskkurs i Israel
Hemda lærer nordmenn hebraisk**

**Frå 7500,- pr. person/pr.
veke i dobbeltrom, med
israelsk frukostbuffet.**

Ring idag for å sikra deg plass: 95938428



Vertskapet: Ekteparet Hemda og Arne Meltvik tek imot feriegjester i villaen Beit Shalom Zion, i Herzliya.

Hausten 2023 er Jerusalem Forlag ved Hemda og Arne Meltvik, tilbake i Beit Shalom Zion, i Herzliya, Israel. Her bur du rimeleg og sentralt. Du kan bestemma ditt eige tempo. Du kan treffa nye og gamle israelsvenner og besøkja israelarar. Lev i Israel, slik jødar og israelarar lever.

Bad i Middelhavet, på den beste stranda i Israel. Lad batteria. Berre nokre minuttar å gå til stranda og promenaden.

Herzliya er lett tilgjengeleg med tog frå flyplassen, på 40 min. På same måte kan du ta ein tur til Jerusalem på under ein time.

Til Tel Aviv tek det 20 min og til Netanya 15 min. Til Haifa tek det berre rett over ein time.

Du kan oppleva Lauvhyttefesten og Jerusalemmarsjen. Ver med og bygg lauvhytte, gå til synagoga. Du kan ta så mange turar du vil til Jerusalem. Besøk venner i Netanya eller Haifa.

Du kan kombinera ferie med hebraiskundervisning dersom du vil. Det blir kurs for både nybegynnalar og vidaregåande. Det vil bli organisert turar dersom det er interesse for dette.



For meir informasjon Tlf: 95 93 84 28 Israel: 00972 (0)58 797 2030
www.jerusalemforlag.no epost: jerusalemf@online.no



Generell informasjon om Herzliya


Herzliya er oppkalla etter Theodor Herzl og ligg midt mellom Tel Aviv og Netanya. Byen vart grunnlagt som moshav i 1924. Byen har no ca 100 000 innbyggjarar og eit areal på ca 25000 mål.

Svært mange av ambassadørane til Israel bur her. Det er ein fin og ryddig by med dei finaste strendene i Israel.

Frå dei mange kaféane på stranda er det berre minuttar å gå til nærmeste handlesenter i marinaen. Det er handikappvennleg tilkomst til stranda med heis. Det finst fleire kafear på stranda, og offentleg toalett og dusj.

I sør ligg marinaen. Der er det stort handlesenter, mange kafear og restaurantar. Herfrå går det også ut båtturar, og det finst kurs i windsurfing og kiting.

Heilt nord ved stranda, ligg Appolonia nasjonalpark som er restane av ein by og ein festning frå krossfarartida.



Beit Shalom Zion

Beit Shalom Zion ligg sentralt i Israel og gjer at det er lett å komma direkte frå flyplassen med tog, buss eller drosje.

Her får du rimeleg overnatting med frukost. Ein kan bu rimeleg og planleggja sine eigne turar. På den måten kan du ta fleire turar til Israel for det det kostar for ein organisert tur. I Beit Shalom Zion skal du få hjelp med å planleggja turar og finna adresser. Her kan du reisa åleine og treffa nye eller gamle venner. Leig deg ein sykkel og utforsk omgjevnadene. Du ka ta del i sabbatsmåltidet og besøkja synagoga.



Huset ligg i ei roleg gate litt sør for det store huset der me var før. (Keren HaYesod). Det er kortare veg til stranda og marinaen denne gongen.

Huset er fullt møblert og utstyrt, med alt me treng for opphaldet.



Du kjem rett inn i stova, som er i åpen løysing saman med spisestova og kjøkkenet. Frå kjøkkenet er der dør til vaskerommet, som har vaskemaskin og tørketrommel. Det er eit toalett i same etasje.

I andre etasje er der 4 soverom, 3 toalett og 2 dusjar. Kvart rom passar for to personar. Toalett og dusjar er på gangen.



Fakta om opphaldet

1 veke overnatting med israelsk frukost:

Pris pr. person i dobbeltrom: 7500,-

Enkeltromstillegget er på 3750,-

Dersom du er interessert i kortare tid enn ei veke er det berre å ta kontakt.

Telefon: 95938428

Ansvarlege: Hemda og Arne Meltvik.

Prisen inkluderer frukost.

Ring dersom du er vil læra hebraisk.

FLYBILLETT

Utgangspunktet er at folk skaffar seg flybillett sjølv. Der er mange gode tilbod på nettet og du sparar pengar på å kjøpa flybilletten sjølv i god tid. Dersom det er ønskjeleg kan me sjølvsagt hjelpa til med å skaffa billettar. Kryss i så fall av på påmeldingsskjemaet.

Tilbodet er unikt og plassen er avgrensa

Påmeldinga er bindande

Prisen inkluderer ikkje:

Hebraiskkurs.

Flybillett, flyskatt. (Me kan hjelpa med dette.)

Tips til guidar og sjåførar. (Ved eventuelle turar)

Lærebok, (kostar 498,-)

Prisen gjeld med dagens valutakursar. Me tek difor etterhald om mindre endringar i prisen p.g.a. slike endringar.